

Europaparlamentet: Debatt om selskapsskatt og tilrådingar for økonomisk politikk

16. oktober 2017

- *Framlegg om reform av europeisk selskapsskatt og tilrådingar for økonomisk politikk drøfta med nasjonale parlament*
- *Selskapsskatt skapte størst engasjement og ein del mindre land er redd for å miste ein konkurransefordel og dermed skatteinntekter og verdiskaping*
- *Europaparlamentet generelt meir positivt til framlegga og meiner dei vil føre til meir rettferdig skattlegging, ikkje minst for globale og digitale seleskap*
- *Mange var opptatt av spørsmål om skattlegging av digital omsetning og framlegg til grensekryssande tapsfrådrag*

Europaparlamentets finanskomité hadde 10. oktober invitert representantar frå nasjonale EU-parlament til [diskusjonsmøte](#). Tema var dei landspesifikke tilrådingane frå Kommissjonen om økonomisk politikk i eurosonen og framlegga frå 2016 om [felles konsolidert grunnlag for selskapsskatt](#) og [felles grunnlag for selskapsskatt](#). Det var størst engasjement i debatten om reform av europeisk selskapsskatt. Til møtet la Europaparlamentet fram ei [lenkesamling med relevante dokument](#) på området.

Reform av europeisk selskapsskatt

Dei to saksordførarane, Paul Tang (S&D, Nederland) og Alain Lamassoure (EPP, Frankrike) understreka både at reform av selskapsskatt er viktig og at dei to framlegga heng nøye saman. Dette går rett inn i diskusjonen om effekten globalisering og den digitale utviklinga har for nasjonale skattesystem. Mange selskap drive aktiv og delvis aggressiv skatteplanlegging, og det er døme store multinasjonale som betalar mindre skatt enn mange små og mellomstore verksemdar. Det også behov for nye skattesystem knytt til digitale plattformer og å hindre at store selskap unngår å betale skatt. Skattekonkurranse mellom land er ikkje nødvendigvis skadeleg, men det er viktig at konkurransen er rettferdig og balansert. Dei to går derfor inn for felles definisjonar. Dei støttar samstundes ideen om eit kompensasjonsfond på europeisk nivå. Dette skal brukast til å kompensere provenytapet for land som får lågare inntekter følgje av endra definisjonar for kvar skatt skal betalast.

Ikkje uventa var det mange som var usamde med saksordførarane. Det gjaldt spesielt representantar frå fleire av dei mindre EU-landa. Ikkje minst var parlamentarikarar frå Irland og Kypros kritiske. Det vart vist til at skatt er eit nasjonal ansvar i EU og at endringane i stor grad vil gagne dei stor medlemsland. Irland meiner landet i motsetning til mange andre land har eit transparent skattesystem. Både Irland og Kypros meiner framlegget ikkje er godt nok konsekvensvurdert mellom anna når det gjeld effekten på verdiskapinga. Kypros sa det er uklart kvifor det er behov for regulering på europeisk nivå. Andre land som Polen og Romania verka også vere skeptiske til

europesk regulering generelt. Romania var i tillegg uroa for effekten på nasjonale inntekter og korleis kompensasjonsfondet vil fungere i praksis.

Fleire nasjonale og EU-parlamentarikar sa det er behov for å drøfte nærare element som reglane for grensekryssande skattefrådrag for tap og eit særleg frådrag for forskings- og utviklingskostnader. Skattlegging basert på omsetning vil også skape utfordringar både i høve til definisjon (spesielt for digitale selskap) og forskyving av skatteinntekter mellom land.

Fleire representantar frå Europaparlamentet støtta framlegga. Det vart vist til at målet ikkje er ein harmonisert skattesats, berre skattegrunnlag. Fleire meiner også eit felles grunnlag vil vere ein fordel for europeisk næringsliv sidan det fører til forenkling. Ein representant frå ytre venstre gruppa (GUE/NGL) sa debatten må nyanserast. I tillegg til definisjonen av skattegrunnlaget, er også skattesatsen viktig.

Kommisjonen kom alt i 2011 med eit framlegg til konsolidert grunnlag for selskapsskatt. I 2016 trakk Kommisjonen dette framlegget etter lite framdrift i Rådet, og la samstundes fram to separate framlegg for selskapsskatt som nå blir drøfta, jf. også dette [faktaarket frå Europaparlamentet](#). Tanken er fyrst å få gjennomslag for framlegget om [felles reglar for selskapsskatt](#) og seinare få semje om [eit felles konsolidert grunnlag](#), jf. også [Kommisjonens pressemelding i 2016](#). Bakteppet her er at mange selskap opererer i fleire land og at det ofte er liten samanheng mellom kvar produksjon eller omsetning skjer og kvar selskapa faktisk betaler skatt (og kor mykje).

Tilrådingar for den økonomiske politikken i EU

Gunnar Hökmark (EPP, Sverige) er saksordførar for ein rapport med utgangspunkt i Kommisjonens [landspesifikke tilrådingar som kom i mai](#). I sitt [utkast til rapport](#) og i møtet understrekar Hökmark behovet for strukturreformer. Det er store skilnader i Europa når det gjeld økonomisk vekst, men han meiner det er ein klar samanheng mellom strukturreformer, økonomisk vekst, jobbskaping og velferdsnivå. Slike reformer er dermed den mest effektive måten å leggje grunnlag for eit meir sosialt Europa. Han tek mellom anna spesielt til orde for reform av EUs energimarknad ved å gjennomføre energiunionen. Han legg også vekt på behovet for å skape ein reell digital indre marknad, meir forskingsinnsats, reform av skattesystem og arbeidsmarknadar og tiltak for å sikre effektiv konkurranse.

Debatten på dette punktet følgde i stor grad kjende politiske skiljelinjer. Sentrum-venstre sida meiner generelt sparepolitikken etter finanskrisa har gått for langt og at det er viktig med tiltak for å styrke og utvikle den europeiske sosiale modellen. Politikarar frå sentrum-høgre (som Hökmark) legg større vekt på budsjettbalanse og reformer.

Med helsing

Per S. Nestande

seniorrådgjevar

Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11

Mobil: +47 917 68 598

E-post: psn@stortinget.no